



Sak nr 25/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om oppføring av gapahuk ved Krokåne

Statskog ber om uttale til søknad frå Vaset og Vestre Slidre reiselivslag om å få føre opp gapahuk der gamle ferdselsvegen til Murkelie kryssar Krokåne. Breidde framme er ca 4,5 meter og høgde er ca 2 meter. Reiselivslaget har frå før 2-3 gapahukar i området ved skiløypa som det ikkje er oppretta avtale for. Det bør opprettast ei avtale for alle gapahukane.

Tiltaket inngår i ei sykkelrute rundt Vasetvatnet. Det er ei familierute på ca 10 km med innlagte naturstigpostar. Dette er etter fjellstyret sitt syn eit svært positivt tiltak for friluftslivet.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at reiselivslaget avgiftsfritt får setja opp gapahuk slik som omsøkt.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vaset og Vestre Slidre reiselivslag